

## Nordhordland Veteranbåtlag

POSTBOKS 26 • 5991 OSTEREIDET • www.oster.no • KONTO 3640 07 25211 • ORGNR. NO 983 395 430 MVA

Meland kommune  
Postboks 79

Ostereidet, 11. februar 2017

5906 Frekhaug

### D/S OSTER – Søknad om støtte til kulturvern

Nordhordland Veteranbåtlag (NHVL) vil takka Meland kommune for tidlegare støtte for å restaurere, vedlikehalde og tryggje båten si framtid som operativt maritimt kulturminne i Bergen-Nordhordland regionen. Driftssesongen 2016 var god for D/S OSTER, og båten ligg no i vinteropplag.


D/S OSTER er eit viktig innslag i heile regionen der båten bidreg til fremming av eit levande maritimt miljø, og til utbreiing og oppbygging av maritim interesse og kompetanse. Gjennom "open båt" ved kaien i Bergen, eller gjennom informasjon og aktivitetar på sine turar til fleire kommunar i området er D/S OSTER eit operativt maritimt kulturminne som bidreg til å styrke det maritime miljø i regionen. I om lag fire månader av året (mai - september) blir D/S OSTER leigd ut til ulike arrangement, både private og opne for alle.

Som det framgår av vedlagt årsmelding for 2015 så gjekk Laget med eit underskot i storleiksorden det same som avskrivning av båt og driftsmidlar. NHVL har sidan båten vart erklært ferdig restaurert i 2005 imidlertid klart å byggje opp eit fond, "kjelefondet", med eige styre og vedtekter som forsikring for skade og havari av dampkjelen. Dette fondet kan ikkje nyttast til anna vedlikehald, og skal vere ei sikkerheit for at båten ikkje skal miste ein heil driftssesong dersom uhellet skulle vere ute, eller alderen på kjelen krev utskifting. Det er Lagets målsetnad å få eit netto positivt driftsresultat kvart år.

Som det framgår av vedlagt liste over pålagt sikkerheitskursing av mannskap og reparasjonar som må gjerast før seglingsseongen startar i mai 2017, så stipulerer vi materialkostnader og innleid arbeidstid til knapt kr 400.000. Med takk for tidlegare støtte så vender NHVL seg atter til Meland kommune med førespurnad om eit tilskot i storleiksorden **kr. 10.000**. Vi vil som alltid vere interessert i tilbakemelding frå kommunen om de ønskjer eit opplegg med D/S OSTER i samanheng med lokale arrangement eller maritime/kulturhistoriske undervisningsplanar. Opplegg kring kystsogedagane i Holmeknappen 26-27. august blir ein del av seglingsplanen til D/S OSTER i 2017.

Med vennleg helsing

Tor Johannes Bjørngaas, sign.  
Leiar i NHVL



Kjell Nedreaas  
Koordinator for finansiering og økonomi

Vedlegg: 1. Større prosjektkostnader fram til sesongen 2017  
2-3. Pris på arbeid  
4. Årsmelding 2015 (årsmelding 2016 kan ettersendast etter 20. mars)  
5. Seglingsplan 2017